

Ref. nr.:

Saksnr:

Dato: 08.04.2011

Ingen innsynsrett etter
offentleglova § 14-1

Godkjenning av Fylkesplan for Møre og Romsdal 2009-2012

I. Innleiing

Miljøverndepartementet har motteke Fylkesplan for Møre og Romsdal 2009-2012 til sentral godkjenning i oversendingsbrev av 3. april 2009. Planen er utarbeidd etter reglane i plan- og bygningslova og vedteken i fylkestinget 10. desember 2008.

Fylkesplanen er vedteken før nye reglar i plan- og bygningslova trådde i kraft 1. juli 2009. Den er difor handsama etter reglane i plan- og bygningslova av 1985.

I den sentrale behandlinga for godkjenning har regjeringa vurdert planprosessen og dokumentet på grunnlag av reglane i plan- og bygningslova og rundskriv T-3/98 om arbeidet med fylkesplanane. Regjeringa skal ta stilling til innhaldet i planen ut frå:

- Fylket sine mål og strategiar, sett i høve til gjeldande statleg politikk og interesser
- Forventa deltaking frå statlege etatar i oppfølging og gjennomføring av planen
- Usemje regionalt som det er venta at regjeringa skal avklare

Regjeringa har ikkje vurdert om det er føringar i planen som bør bli følgt særleg opp i departementa sitt arbeid mot Stortinget. Regjeringa sine merknader er knytt til dei ulike kapitla i planen, med fylket sine egne mål og strategiar som bakgrunn.

II. Regjeringa sine merknader

A. Om planprosessen

Det er gjennomført ein omfattande planprosess med brei deltaking, der ein rekkje samarbeidspartar har vore involvert i planarbeidet. Mange aktørar og grupper har teke del i prosessen. Uttalingane frå høyringa syner at prosessen har vore brei og at den har ført til stor tilslutning til fokus, mål og strategiar i planen.

B. Om fylkesplanen

Fylkesplanens visjon er: "Vi vågar litt meir!" Planen har eit sterkt fokus på å skape eit samfunn i vekst, med tre satsingsområde. Desse tre er kultur, kompetanse og verdiskaping, kvart med sine hovudmål og resultatmål. Til kvart satsingsområde er det òg vald ut ei fanesak. Planen har ein god struktur som får fram det overordna.

Gjennomgåande perspektiv som ligg til grunn for planen er styrking av fylket, sektoransvar, demografi, folkehelse, likestilling, universell utforming, areal og miljøvern (med naturmangfald, oppfølging av klimatiltak og vassrammedirektiv), samfunnstryggleik og beredskap, infrastruktur, samt globalisering.

Innan miljøvern vil fylkeskommunen vere forplikta til å følgje opp nasjonal politikk om å vektlegge bevaring av INON-områder (inngrepsfrie naturområde i Noreg). I tillegg til prinsippet om beste moglege teknologi, forpliktar naturmangfaldlova kapittel II, alminnelege føresegnar om bærekraftig bruk, fylkeskommunen til å leggje til grunn dei andre miljørettslege prinsippa som retningsliner når den tar avgjerder som angår natur.

Fylkesplanen har fem flaggsaker. Dei er å få til ferjefri stamveg (E39) gjennom fylket, å vere eit grønt fylke, å få eit senter for sjøredningsinnsats, å styrkje dei unge si deltaking i frivillig sektor, samt satsing på praktiske klimatiltak som vassnett, avløp og fjernvarme

Flaggsak nr. 1: Ferjefri stamveg (E39) gjennom Møre og Romsdal, legg opp til at hovudmålet med arbeidet skal vere å danne grunnlag for vidare planlegging etter plan- og bygningslova og å oppnå statlege midlar til målet gjennom Nasjonal transportplan. Regjeringa peiker på at målet om ein ferjefri E39 gjennom fylket ikkje er prioritert i inneverande NTP, jf. St. meld. nr. 16 (2008-2009) *Nasjonal transportplan*.

Regjeringa ser positivt på at planen har satsingsområda kultur, kompetanse og verdiskaping fordi dei gjev eit godt grunnlag for helsa til bebruarane i fylket. Men regjeringa saknar at perspektiva frå St. meld. nr. 20 (2006-2007) *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjellar* vert løfta meir fram. Deltaking i kulturliv og friviljuge organisasjonar og å lukkast i arbeidsliv og vidaregåande skule heng saman med sosioøkonomisk status. Som regional utviklingsaktør og regional planmynde har fylkeskommunen ei oppgåve i å ta vare på heilskapleg utvikling som fremjar helse, trivsel og tryggleik, og som kan medverke til utjamning av sosiale forskjellar og sosiale helseforskjellar.

Planen vert satt i verk med handlingsprogram, handlingsplanar og ein prosess som skal sikra god samanheng. Dette må bli utarbeidd i partnerskap mellom aktørane. Forventningar til staten vert uttrykt her. Noverande fylkesdelplanar og strategiar må gjennomgåast før fylket vil utarbeide arealpolitiske retningsliner. Fylket vil styrka plansamordninga som ligg i einskapsfylket.

Regjeringa meiner at planen i tilstrekkeleg grad omtaler landbruket sin del av verdiskapinga i fylket og verdien av å ta vare på produksjonsressursane gjennom ein aktiv bevaring av landbruksareala. Men regjeringa må likevel ta atterhald om at den

ikkje har fått lagt fram innhaldet i fylkets strategiar for jordvern, skogbruk og landbruksrelatert næringsutvikling. Desse vert det visa til i planen som sentrale strategiar for fylket.

Prøveordninga med einskapsfylke i Møre og Romsdal vart avvikla frå 2010. Fylket skal no bli organisert på same måte som dei andre fylka. Forvaltningsreforma er satt i verk og det vert hausta erfaringar frå dei endringane reforma fører med seg.

C. Om fylkesplanen sitt innhald

Gjennomgangen av planen vil følgje planens satsingsområde, hovudmål og resultatmål.

Satsingsområde Kultur.

Hovudmålet er å vere ein levande, framtidsretta og dynamisk kulturregion, der tradisjon, mangfald, nyskaping og verdiskaping går hand i hand, tilgjengeleg for alle. Under hovudmålet ligg ein rekkje resultatmål, og ein fanesak om å få til eit tilbod om kultursekk til barnehagane.

Satsingsområde Kompetanse

Hovudmålet er at oppvekst- og utdanningssystemet skal opplevast som attraktivt og godt tilrettelagt for brukarane. Det skal vere god samanheng mellom utdanningsnivå, og skolane skal levere kompetanse som næringslivet og offentleg sektor har bruk for. Under hovudmålet ligg ein rekkje resultatmål, og ein fanesak om å få til samordna etter- og vidareutdanning.

Satsingsområde verdiskaping

Hovudmålet er at fylket har eit attraktivt, internasjonalt og nyskapande næringsliv og ein utviklingsorientert offentleg sektor, som saman medverkar til berekraftig utvikling gjennom større breidde i arbeidslivet og livskraftige lokalsamfunn. Under hovudmålet ligg ein rekkje resultatmål, og ein fanesak om å få til regional forskning i verdsklasse.

Møre og Romsdal er Noregs største matvareprodusent, og fylket har rike ressursar innan både fiskeri og oppdrett, med potensial for å utvikle begge delar vidare. Fiskeressursane er ein nasjonal ressurs, og fiskeri er grunnlaget for mykje av næringslivet og eksporten frå fylket. Regjeringa meiner at det ville vore ønskjeleg med tydelegare føringar for dei interesseavvegingar som må bli gjort i forhold til dei utfordringar som følgjer av dei stadig aukande interessemotsetningane i konkurransen om tilgang til areal i strandsona og kystnære sjøområde. Målsetninga om å utarbeide arealpolitiske retningslinjer for fylket er viktig, og vil mogleggjere formidling av signal og føringar som manglar i fylkesplanen.

Til resultatmål 7 for verdiskaping viser regjeringa til at eit av prosjekta i *Verdiskapingsprogrammet for naturarven* òg gjeld Møre og Romsdal. Det er prosjektet "Område- og trafikktutvikling rundt Dovrefjell". Dette prosjektet vil lage ein felles plattform for informasjon om og marknadsføring av verneområda her. Verksemdar i alle dei omkringliggjande kommunane til Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark deltek i prosjektet. Regjeringa har elles satt i gang arbeid med ei ny verdsarvpolitikk som òg kan få verdi for Vestnorsk fjordlandskap/Geirangerfjorden i Møre og Romsdal.

Regjeringa meiner at planen kunne ha vore meir tydeleg på miljøomsyn i landbruket, både med tanke på forureining av vassdrag og ivaretaking av kulturlandskapet. Regjeringa har likevel forståing for at det ikkje er fokusert på dette i ein fylkesplanen som er utforma på eit nokså overordna nivå samanlikna med andre fylkesplanar.

Regjeringa vil påpeike at det samiske perspektivet ikkje er omtalt i fylkesplanen. Til samanlikning blir samiske omsyn omtalt i fylkesplanane for til dømes Nordland og Trøndelagsfylka. Regjeringa meiner at målet om fokusering av planen ikkje treng hindre at det samiske kunne vore trekt fram i samanheng med satsingsområda kultur og verdiskaping. Alternativt kunne planen ha vist til kva for andre fylkeskommunale plandokument som omhandlar samiske problemstillingar.

III. Avslutning

Fylkesplanen gjev eit godt inntrykk av ein region som ønskjer å få til god regional utvikling. Oppfølginga av planen vil skje gjennom årlege program for samhandling. Ved deltaking i planarbeidet har også regional stat ved fylkesmannen eigarskap til planen.

Regjeringa meiner at planen gjev eit godt grunnlag for vidare regional utvikling. Sidan planen ikkje bryt med nasjonal politikk, er planen også eit godt grunnlag for arbeidet til statlege styresmaktar i regionen. Planen inneheld ikkje nokre konflikttema.

Godkjenninga av fylkesplanar omfattar ikkje konkret ressursbruk. Prioritering og tildeling av ressursar blir vurdert gjennom dei årlege budsjettprosessane. Fylkeskommunane må samarbeide med dei relevante statlege styresmakter for å sikre gjennomføring og oppfølging av planen.

Regjeringa føreset at eventuelle forslag til oppfølging av planen som medfører behov for statlege løyver bringes inn i den vanlege budsjettprosessen. Det bør gå klart fram om tiltak som krev statleg medverknad har finansiering pr. i dag og at tiltak som ikkje har finansiering skal vurderast opp mot andre tiltak i dei årlege statsbudsjetta og ved rullering av Nasjonal transportplan.

Fylkesplanen skal etter plan- og bygningslova leggjast til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunal planlegging og statleg verksemd i fylket. Måla og strategiane i planen gjev klare regionale signal til kommunane i fylket og skal bidra til å samordne og styre arealbruken på tvers av kommunegrensene. Dersom ein kommune vik frå måla og strategiane, gjev dette grunnlag for å fremje

innvending til kommunens planer. Statlege organ som ønskjer å vike frå føresetnadene i godkjent fylkesplan, må ta dette opp med fylkeskommunen.

Miljøverndepartementet

tilrår:

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2009-2012 vedteken av fylkestinget 10. desember 2008, godkjennast i medhald av § 19-4 i plan- og bygningslova av 1985, med dei merknader og atterhald som er gjeven ovanfor.